

PROSJEKTARK

(Prosjektarka er til dels ein gjengivelse av søknaden, – til dels ein kortfatta oppsummering av søknaden. I tillegg er det kommentarar og oversikt søknadssum, samt framlegg til tilskot.)

Søknad nr. 1		Sogn og Fjordane fotballkrets	
TILTAK 1:	Samarbeidsprosjekt – GENERELT: Formidling av trafikktryggleik; Generell profilering, heimeside , facebook, kurs, samlingar, leiarsamlingar, møter, brosjyrar, kick-off i Sogndal, storskjermannonsering, beredskapsplan.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål og målgruppe		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 28 000.-	Framlegg tilskot kr. 28 000.-	
TILTAK 2	Samarbeidsprosjekt – BORN: Profilering 4 rundar i Konglerike turneringar. 8 arrangement pr. runde, 520 lag, 4000 spelarar 6–10 år. Trafikktryggleiksbrosjyre, parkeringsvakter med vest på alle arrangement, fokus på køyring til og frå turnering, bilbelte, osv. Flott konkurranse rundt tryggleikstenking i siste runde.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål og målgruppe		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 18 000.-	Framlegg tilskot kr.18 000.-	
TILTAK 3	Samarbeidsprosjekt – UNGDOM: Innandørs KM og futsal, totalt 8 arrangement, ca. 2500 ungdomar. Arrangement over heile fylket. Profilering i hall, høgtalarinformasjon, parkering, m.m. Finalar innandørs KM. Arrangør STIL. Fotballskular.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål og målgruppe		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 15 000.-	Framlegg tilskot kr. 15 000.-	
TILTAK 4	Samarbeidsprosjekt – VAKSNE: KM i Futsal innandørs. Senior, arr. STIL.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål og målgruppe		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 4 000.-	Framlegg tilskot kr. 4 000.-	
TILTAK 5	Samarbeidsprosjekt – KLUBB: Miljøhelg, toppleiarsamling og sonemøter. 10–13 klubbar i Kvalitetsklubb-prosjekt		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål og målgruppe		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 25 000.-	Framlegg tilskot kr. 25 000.-	

Søknad nr. 2		Pensjonistforbundet i Sogn og Fj.	
TILTAK 1:	Gjennomføring av Bilførarkurs 65+ Trafikktryggingssmidlane i 2016 er tenkt nytta til lokallaga som eit administrasjonstilskot på kr. 3 000.- pr. kurs. Planlagt 17 stk. kurs à kr. 3000.- = 51 000.-		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 51 000.-	Framlegg tilskot kr. 51 000.-	

Søknad nr. 3		Trygg Trafikk	
TILTAK 1:	<p>Trafikksikker kommune/Trafikksikker skule/Trafikksikker barnehage. Få kommunar til å gå inn for å bli godkjende som Trafikksikker kommune, Trafikksikker skule, Trafikksikker barnehage. Målet med dette er å få ansvarlege leiarar til å setje trafikktryggleik i fokus og på dagsorden og få kommunane, her under skulane og barnehagane til å jobbe systembasert slik at dei fyller kriteria for å bli trafikksikre. Dei kommunane, skulane og barnehagane som oppfyller kriteria for dette blir godkjende for 3 år om gongen og får eit skilt med til dømes «Trafikksikker barnehage» osv. Vi ser for oss at dei skulane/barnehagane som vil bli «Trafikksikker» får eit tilskot for innkjøp av materiell og utstyr på ca. kr. 5.000,- kvar eller at det vert kjøpt inn tilsvarande gjennom Trygg Trafikk. Dersom alle skulane og barnehagane i kommunen er Trafikksikre og kommunen elles fyller vilkåra er heile kommunen Trafikksikker. Det er i dag laga intensjonsavtale med Eid kommune om at Eid kommune innan 3 år skal jobbe for å bli Trafikksikker kommune. Trygg Trafikk vil i 2016 jobbe for å få fleire slike intensjonsavtalar med kommunane samstundes som den enkelte barnehage og skule kan jobbe for å bli Trafikksikker på sjølvstendig grunnlag og få godkjenning.</p>		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 50 000.-	Framlegg tilskot kr. 50 000.-	
TILTAK 2	<p>Kurs for barnehagetilsette (Trafikksikker barnehage). 2 kurs for tilsette i barnehagane. Prioritet Trafikksikre barnehagar.1 kurs for studentane på førskulelina ved Høgskulen i S. og Fj. Trygg Trafikk vil arrangere trafikk kurs i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane for barnehagetilsette. Kurs stad vil denne gangen vere i Sunnfjord og Nordfjord. Dette året vil vi arrangere to kurs for dei som jobbar i barnehagane og eitt kurs for studentane på førskulelina på Høgskulen i Sogndal. Føreleser på kursa vert førskulekonsulent frå Trygg Trafikk sentralt. I tillegg har Trygg Trafikk utvikla konseptet Trafikksikker barnehage. Dette er ein del av prosjektet Trafikksikker kommune. Sjå : www.trafikksikkerkommune.no Her ynskjer vi å invitere barnehagane i Sogn og Fjordane til å bli Trafikksikker barnehage og bli godkjende av Trygg Trafikk. Dei som vert godkjent kan få eit godkjenningstilskot på eks. kr.5.000,- til innkjøp av tryggleikutstyr eller undervisningsmateriell eller at Trygg Trafikk kjøper inn tryggleiksutstyr til dei for om lag tilsvarande sum. Vi vil også prøve og vere på "barnehagedagane" I Loen i oktober 2016 med informasjon og materiell ev kurs.</p>		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 25 000.-	Framlegg tilskot kr. 25 000.-	
TILTAK 3	<p>Gå-opplæring/foreldreopplæring/skulestart. Gå opplærings materiell til elevane. Innkjøp av skulestart materiell til foreldra og skulane. Trygg Trafikk har laga nytt undervisningsmateriell <i>Trafikkboka</i> til 1-4 klasse. Denne er tenkt som klassesett. Skular som skaffar seg disse har dei i mange år. Tidlegare sende Trygg Trafikk sentralt ut tilbod til skulane om å få ei bok gratis som demonstrasjon. Mange skular svarte og tok imot tilbodet, og lokalt i fylket har vi gitt om lag 50 klassesettet. Vi vil i 2016 satse på 10 pilot klassar som vil få prøve ut dette materialet samt å tilby dette til studentane på lærarlina på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Spesielt vil vi satse på skulane som er eller vil bli Trafikksikre skular. I tillegg vil vi også gå til innkjøp av informasjons materiell til foreldra i samband med skulestart for 6 åringar.</p>		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		

Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 10 000.–	Framlegg tilskot kr. 10 000.–
TILTAK 4	<p>Sykelopplæring/sykelhjelmkampanje</p> <p>I samband med innføring av kunnskapsløftet, er det laga nytt undervisningsmaterieil til mellomsteget i grunnskulen. Innkjøp av demonstrasjons materieil til skulane og studentane ved høgskulen. Samt sykkel kurs for lærarar. I samband med Kunnskapsløftet og mål om sykling og trafikktryggleik lagar Trygg Trafikk nytt materieil i forhold til sykkelopplæring og tryggingsutstyr. Sykkelmateriellet er laga i del 1 og del 2. Del 1 er for 4–5. klasse og del 2 er for 5–6. klasse. For å følgje opp denne sykkelopplæringa og informasjon om dette vil vi kjøpe inn materieil for å bruke mot skulane, og lærarskulen m.m. Dette for og gje sykkelopplæringa på mellomtrinnet eit løft. Vi vil også vurdere sykkel-kurs for lærarar på mellomtrinnet. Trygg Trafikk ynskjer å legge vekt på meir trafikal opplæring på skulane, jf. Kunnskapsløftet. Innbakt i dette vil både sykkelhjelm og sykkelykt vere med som tema.</p> <p>Trygg Trafikk har også ein sykkelhjelm kampanje med utstilling som vi skal rette inn mot blant andre ungdomsskulane og vaksne ungdomar. I samband med konseptet Trafikksikker skule er sykkelopplæringa og verneutstyr eit svært viktig tiltak og føresetnad.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 10 000.–	Framlegg tilskot kr. 10 000.–
TILTAK 5	<p>Reflekskonkurransar for born</p> <p>Trygg Trafikk vil invitere 4. og 5. klassane til reflekskonkurransar i grunnskulen. Namnet på konkurransen vert <i>Den store refleksjakta 2016</i>. Målet er å få elevane til å leite fram flest muleg refleksar i heimane sine. Vi veit frå andre stader at det ligg mykje refleksar i jakker, skuffer og skap i dei fleste heimar. Då er det viktig å få dette fram og i bruk. Dei klassane som deltek vil bli premierte. Siste år deltok 22 klassar med nesten 350 elevar. Dei samla inn vel 6.000 refleksar som vart eit snitt på 18 refleks pr. elev. Trygg Trafikk vil gjenta denne konkurransen for 4. og 5. klassane i 2016. I tillegg vil vi også arrangere ein reflekskonkurransar for miniputtar og aldersbestemte fotballag / klubbar i samarbeid med Sogn og Fjordane Fotballkrets. Her vil vi premiere laga sine egne gode tiltak med tryggleikspremiar.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 15 000.–	Framlegg tilskot kr. 15 000.–
TILTAK 6	<p>Refleks og Refleksdagen 2016</p> <p>Innkjøp av refleks. Planlegge og koordinere dagen. Den nasjonale refleksdagen 20. oktober 2016 vil Trygg Trafikk i samarbeid med ulike samarbeidspartnarar som Fylkeskommunen, Statens vegvesen, Politiet, frivillige organisasjonar med fleire prøve å koordinere refleks aktivitetane og motivere aktørane til innsats. Det vert utvikla ein eigen refleksdag refleks og vi vil satse på å kjøpe inn ein del av disse som aktørane ev. kan bruke som verktøy denne dagen og utover hausten elles. Det er ofte stor etterspørsel etter refleksar i ulike samanhengar og då kan det vere godt å ha ein del refleksar til å hjelpe disse. I tillegg må dagen også planleggast i god tid saman med samarbeidspartnarar som FTU med fleire.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 20 000.–	Framlegg tilskot kr. 20 000.–
TILTAK 7	<p>Trafikkopplæring 1– 7 trinn / kompetansebygging og nettverksmøte</p> <p>Nettverkssamling/kurs høgskulen. I samband med grunnskulane ynskjer vi å tilby nettverksmøte med kompetansebygging til skulane. Temaet er skulestart, gå opplæring samt sykkelopplæring. Disse samlingane bør vere regionvis ev på kommunenivå, og vi vil nytte oss av mellom andre Trygg Trafikk ambassadøren som vi har i fylket i tillegg til våre eigen kometanse både lokalt og sentralt.</p>	

Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr. 15 000.-	Framlegg tilskot kr. 15 000.-
TILTAK 8	<p>Trafikkopplæring 8 –10 trinn / Trafikk valfag / Trafikalt Grunnkurs</p> <p>I 2014 vart det utdanna 23 ungdomsskulelærarar til godkjenning i Trafikalt Grunnkurs. Mesteparten vart utdanna gjennom eit lokalt kurs i Sogndal som Sogn Regionsråd og Trygg Trafikk stod som arrangør for og som FTU støtta økonomisk. Disse gjennomfører no Trafikalt Grunnkurs ute på ungdomsskulane sine, og mange legg dette inn i Trafikk valfag som går over 57 timar. I 2015 vart det gjeve tilskot til 2 nye lærarar som blei utdanna og fekk godkjenning som TG lærarar. Trygg Trafikk ynskjer mange fleire lærarar med denne kompetansen i fylket og difor bør det stimulerast til at fleire lærarar kan få ta denne utdanninga. Lærarar som driv med Trafikalt Grunnkurs/ trafikk valfag i dag har ytra ønske om faglege samlingar i 2016. Ei slik samling gjennomførte Trygg Trafikk med disse i mai 2015. Trygg Trafikk ynskjer å tilby nettverksmøte med kompetansebygging for disse også i 2016. I denne samanhengen vil vi også her nytte oss av Trygg Trafikk ambassadøren i fylket i tillegg til vår eigen og andre sin kompetanse.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 30 000.-	Framlegg tilskot kr. 30 000.-

Søknad nr. 4		Langeland ski og fritidssenter
TILTAK 1:	<p>Utbygging av rulleskiløype på Langeland. Skisenteret ønskjer å realisere rulleskiprosjekt. Ønskjer å få rulleskiaktiviteten vekk frå trafikkerte vegar og inn i trygge forhold. Har fått tilskot frå staten på 2,2 mill. kr. Anlegget er treningsbase for langrennsmiljøet i Gaular IL og Førde IL, med totalt 275 betalande medlemmer. Rulleski er ei viktig treningsform for langrennsløparar. Langrennsmiljøet har dei siste åra opplevd ein stor auke av yngre utøvarar, spesielt i klassane opp til 12 år. Om ein skal kunne tilby desse sikrere og betre område for rulleskiaktivitet er det avgjerande at ein får etablert ei eiga bane for dette. I mangel av anna tilbod blir trening med rulleski utført på det offentlege vegnettet. Dette har ein betydeleg risiko med seg med tanke på trafikktryggleik, noko fleire ulukker siste åra syner. Framover bør anlegget utviklast i retning av meir bruk sommarstid og eit folkehelseperspektiv; I første rekke med tilrettelegging for rulleski og sykling. Løypa vil bli tilrettelagt for offroadsykling sommarstid. Samla kostnad for anlegget: 8,1 mill. kr.</p> <p>Framdrift: Det vert gjennomført søknadsprosess i løpet av 2015/våren 2016, for å avklara postane i finansieringsplanen. Byggstart og gjennomføring av prosjektet er planlagt med oppstart sommar 2016, med legging av asfalt og ferdigstilling sommar 2017.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar dårleg med formålet som er: a) Haldningsskapande arbeid. b) Opplæring. c) Informasjon. Men sjå FOTNOTE 1 under saksframstillinga!	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 300 000.-	Framlegg tilskot kr. 108 891.-

Søknad nr. 5		Firda vidaregåande skule	
TILTAK 1:	Refleksdagen. Refleksdagen vil vi markere med stand i kantina, quis og utdeling av refleks/vestar og informasjon om refleksbruk. Alle elevar og alt personale vil få refleks.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 12 000.-	Framlegg tilskot kr. 12 000.-	
TILTAK 2	Trafikktryggingstime i første klasse idrett. Sjå og bli sett er viktig når ein er ute å ferdast på vegane. Innhald i timen: Utdeling av refleksvestar, quiz med premie. Fruktserving.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 1 000.-	Framlegg tilskot kr. 1 000.-	

Søknad nr. 6		Mo og Øyrane vidaregåande skule	
TILTAK 1	Førstehjelpskurs for vg. 1 klassar. Korleis handle om ein kjem som førstemann til ei trafikkulukke? Samarbeidspartnarar er VG2 ambulansesag, ungdomsbedrifter på skulen, Røde Kors, elevrådet.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 10 000.-	Framlegg tilskot kr. 10 000.-	
TILTAK 2	Trafikkdag. Kva faktorar er viktige for å ivareta trafikk, søvn, alkohol, m.m.? Samarbeidspartnarar er vg. 2 Transport/logistikk, vg.2 Helse Førde, Trygg Trafikk, statens vegvesen, politi, Røde Kors, russen.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 7 000.-	Framlegg tilskot kr. 7 000.-	
TILTAK 3	Tverrfagleg prosjekt i klassar på Helse og sosialfag. Lære barnehageborn/småskulen/andre grupper om trafikkreglar, dele ut refleks, m.m. Samarbeidspartnarar er elevar på helse og sosialfag, Førde kommune.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 10 000.-	Framlegg tilskot kr. 10 000.-	
TILTAK 4	Trafikkopplæring for framandspråkelege elevar. Gjennomføre eit opplegg for å gjera denne ungdomsgruppa tryggare i trafikken. Samarbeidspartnarar er lærarar med kompetanse.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 10 000.-	Framlegg tilskot kr.10 000.-	
TILTAK 5	Mekkekveidar på mekanisk verkstad. Gje ungdommen kunnskap om trafikktryggleik gjennom mekking på eigne mopedar og køyretøy. Samarbeidspartnarar er lærarar med kompetanse.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 10 000.-	Framlegg tilskot kr. 10 000.-	
TILTAK 6	Trafikktrygging for russen. Informasjon om rus og køyring, trygg transport til arrangement. Samarbeidspartnarar er trafikkstasjonen, politi, helsestasjon.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 7 000.-	Framlegg tilskot kr. 7 000.-	

Søknad nr. 7		Måløy vidaregåande skule	
TILTAK 1	Trafikktryggleiksdag. Ein dag der tryggleik står i sentrum. Organisering av trafikktryggleiksdag for alle vg.1 – klassane. Det vil seie alle nye elevane på skulen. Også fokus på tryggleik på skulevegen. Jobbe vidare med tema «Å bli sett». Samarbeid med politi og køyreskular, samt samarbeid mellom elevrådet og skulen si folkehelsegruppe. Det er også behov for å kjøpe inn refleks.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 23 000.–	Framlegg tilskot kr. 23 000.–	
TILTAK 2	Open bilverkstad for russen. Her fokus på tryggleik rundt russen. Skulen sitt personale frå køyretøy vil støtte ungdom som er russ med å få sikre bilar. Ikkje berre russebilar, men også vanlege bilar som russen nyttar. Planlagt 8 kveldar til arbeidet.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 12 000.–	Framlegg tilskot kr. 12 000.–	
TILTAK 3	Open verkstad for mopedegarar. Planlagt 2 stk. «open kveld/verkstad» i samarbeid med faglærer. Formål er å få tryggare mopedar på vegane våre.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 3 000.–	Framlegg tilskot kr. 3 000.–	

Søknad nr. 8		Stryn vidaregåande skule	
TILTAK 1	Trafikktryggingdag. Sentrale aktørar på trafikktryggleiksdagen vil vera politiet, brannvesen, ambulanse, Trygg trafikk, statens vegvesen, helsefag (hjartestartar + førstehjelp ved ulukkesstad), samferdsels-avdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og trafikkskulane i Stryn. Elevgrupper går gjennom ulike postar med lærar. Simulert trafikkulukke. Premiering av quiz-vinnarar m.m. Kostnader vil vera: Henting/levering av bilvrak, brannteppe, bensin, diesel, sløkkjeapparat, sminker, kantineutgifter for servering av lunsj til alle deltakande aktørar, foredragshaldarar m.m.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 32 000.–	Framlegg tilskot kr. 32 000.–	

Søknad nr. 9		Gulen kommune	
TILTAK 1:	Sykkelsti ved Brekke barnehage og skule. Barnehagen ved Brekke barnehage og skule skal byggjast ut, og i samband med dette arbeidet skal det også gjerast omfattande arbeid med å oppgradere uteområdet ved barnehagen og skulen. Eit av tiltaka som er planlagt er ei sykkelløype med rundkøyning som skal gjera det mogeleg å sykle rundt heile skulebygningen. I tillegg til at sykkelløypa skal motivere til fysisk aktivitet på tvers av aldersgruppene, er målet også at den skal brukast aktivt med tanke på trafikkopplæring. Det skal difor kjøpast inn vegskilt, trafikklys og bensinstasjon, samt at det skal målast striper og gangfelt med måling på asfalten. Rundkøyninga er lagt inn delvis med tanke på å øve på ulike trafikkreglar. Grunnlaget for gode haldningar og åtferd i trafikken vert danna allereie i		

	<p>dei tidlege barneåra, og det er difor viktig å leggje forholda til rette for borna så tidleg som mogeleg. God trafikkundervisning er viktig for at borna skal læra å ferdast i trafikken på ein slik måte at dei ikkje er til fare for seg sjølve eller andre. Sykkelløypa kan brukast til å aktivt demonstrere korleis ein skal oppføre seg i trafikken, og ein kan bruke rollespel for å simulere potensielt farlege situasjonar som kan oppstå. I tillegg vert borna kjent med tydinga av dei ulike skilta, og andre viktige trafikkreglar for både gåande, syklande og bilistar.</p> <p>Ved Brekke barnehage og skule er uteområdet felles for alle barnehageborna og elevane, så det er ei vid aldersgruppe som vil kunne dra nytte av denne løypa.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 55 000.–	Framlegg tilskot kr. 55 000.–

Søknad nr. 10 Dale vidaregåande skule		
TILTAK 1:	<p>«Å bli sett i trafikken».</p> <p>Det er ei utfordring å få elevane til å bruke refleks og vere synlege i trafikkbiletet. I tillegg ser vi at mange ikkje gjer seg bruk av gangvegen verken når dei kjem til skulen om morgon eller når dei går heim på ettermiddagstid. Dale vidaregåande skule har inngått samarbeid med Førde Trafikkstasjon om årlege trafikkaksjonar. I samband med aksjonen vil vi dele ut frukt og refleksvestar med påtrykt logo og skulen sin visjon.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum:kr. 22 200.–	Framlegg til tilskot:kr. 22 200.–
TILTAK 2:	<p>«Korleis handle om ein kjem som førstemann til ei trafikkulukke»</p> <p>I samarbeid med helsesøster, politiet og elevar på helse- og omsorgsfagvg2, ønskjer vi same dagen å ha fokus på førstehjelp ved trafikkulukker.</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum: kr. 5 000.–	Framlegg til tilskot: kr. 5 000.–

Søknad nr. 11 Eid Idrettslag skigruppa		
TILTAK 1:	<p>Skibru fellesanlegget Tua.</p> <p>Vi søkjer om dette fordi vi ser eit stort behov for å utvikle parkerings-muligheitene ved fellesanlegget Tua. Ved store renn og utfartsdagar på vinteren er det vanskelig å avvikle parkering langs rv. 651. Det er ofte uheldige parkeringer langs rv. 651, noko som er svært farlig for barn og andre mjuke trafikanter. Ved enkelte høve har det vært brøyta opp parkeringsplass på andre sida av rv. 651, noko som skaper farlige kryssingar av rv. 651 der det er 80 km/t. Oppe på fellesanlegget er det veldig gode parkeringsområder, og ein kan gå rett ut i skiløypene om vinteren. Ved å bygge ein betongkulvert ved oppkøyrsla til fellesanlegget Tua, vil ein og få ei betre innkøyrsla, då den er for bratt i dag om vinteren. Ein vil og sleppe å øydelegge skiløypa, då trafikken kan krysse under skiløypa.</p> <p>(Søkjar har pr. telefon i ettertid klargjort at kryssinga gjeld tilkomstveg til skianlegget, ikkje kryssing av fv. 651. Og kulverten gjeld for bilkøyring som då kryssar under skiløypa.)</p>	
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar ikkje med formål	
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 161 498.–	Framlegg tilskot kr. 0.–

Søknad nr. 12		MA-avdelingane i Sogn og Fjordane	
TILTAK 1:	Innkjøp og distribusjon av refleksvestar. Vi tillet oss å søkje midlar for 2016 med same grunngjeving som tidlegare, da vi meiner det er grunnleggjande viktig å fokusere på barns bruk av refleksvest i den mørke årstid. Våre besøk i skulane er med på å sette fokus på bruk av refleks for heile lokalsamfunnet, foreldre og lærar i særdelesheit. Det er framleis vår visjon at ingen skuleelev frå 5. klasse og oppover skal verte skade i trafikken, og det er vår von at andre organisasjonar tek seg av barnehage og dei første stega på barneskulen. Søkjer om midlar til innkjøp av 1300 stk. refleksvestar à kr. 24.-		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål.		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum kr. 38 909.-	Framlegg tilskot kr. 38 909.-	

Søknad nr. 13		Høyanger vidaregåande skule	
TILTAK 1:	Førstehjelp ved trafikkulukke / trafikkulukke i tunnel og brannfare. Skulen har alle nye vg1 elevar som målgruppe i dette arbeidet og ønskjer å gjennomføre følgjande opplegg saman med Brannvakten AS. Firmaet har god erfaring både med førstehjelp og trafikkulukker samt slokking av bilbrannar i og utanfor tunell. <ol style="list-style-type: none"> 1. Førstehjelp ved trafikkulukker. <ul style="list-style-type: none"> • Kva gjer ein dersom ein er førstmann til ulukkestaden? • Meldingsrutinar • Sikring • Livreddande førstehjelp 2. Trafikkulukke i tunnel og brannfare. <ul style="list-style-type: none"> • Kva gjer ein om ein kjem opp i ei ulukke i tunnel? • Korleis opptre dersom det lek drivstoff eller det er fare for lekkasje? • Korleis utviklar ein tunnelbrann seg? • Faremoment ved røykgass • Praktisk slokking. 		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum: kr. 13 000.-	Framlegg til tilskot:kr. 13 000.-	
TILTAK 2:	Reflekskampanje. Utdeling av refleks (Slapwraps) til alle elevane og tilsette samt informere om viktigheita ved å bruke refleks.		
Kommentar/vurdering	Tiltaket samsvarar med formål		
Søknadssum/tilskot	Søknadssum: kr. 4 000.-	Framlegg til tilskot: kr. 4 000.-	

Datert 5. januar 2016.